



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

28.03.2025

Vår ref:

2025/1854

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202317079

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om landstraum til Tampen-området, Bremanger kommune


Statsforvaltaren legg til grunn at konsekvensutgreiinga for ny 420 kV kraftleidning Sauda – Øygarden vil følgje rettleiar M-1941. Høyringa omfattar område med svært viktige naturverdiar, og det vil vere viktig å få vurdert konsekvensar og moglege avbøtande tiltak for traséalternativa.

Vi viser til høyringa av ei melding frå Equinor om elektrifisering av petroleumsfelta i Tampen-området, og som kan påverke land- og sjøareal i Bremanger kommune.

Alternative anlegg og traséar

Meldinga omfattar tre alternativ; sjå kart nedanfor:

- Alt. 1 frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Bortnen, og sjøkabel ut gjennom Frøysjøen og vidare til petroleumsfelta.
- Alt. 2 frå Ålfoten transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel gjennom ytre delar av Frøysjøen og vidare ut til petroleumsfelta.
- Alt 3. frå Hennøy transformatorstasjon, til landtak ved Merkingneset/Djupvika, og sjøkabel ut gjennom ytre delar av Frøysjøen og vidare ut til petroleumsfelta.



Kart frå meldinga med innteikna alternativ for landstraum til Tampen.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Våre merknader

Høyringa omfattar område med svært viktige naturverdiar. Vi legg til grunn at utgreiingane følgjer krav i alle relevante nasjonale rettleiarar. Dette gjeld mellom anna rettleiar M-1941, som stiller krav til kartlegging etter gjeldande metodikkrav, og at konsekvensar og moglege avbøtande tiltak skal vurderast for dei ulike traséalternativa.

Traséalternativ 2.0 kjem nær Sjørdalen naturreservat, men ser ut til å vere planlagt utanfor vernegrensa. Linja kjem derimot gjennom eit område med tette registreringar av raudlisteartar sør for Nibbevatnet, og dette er omtalt i meldinga.

Det er registrert ein sterkt truga fugleart som er svært følsam for forstyrringar i hekketida nær alternativ 2.2. Vi ber om at konsulentselskapet tek kontakt med oss for å få nærare opplysningar om denne registreringa.

Luftlinja til Bortnen, alternativ 1.0., vil gå i eit område med fleire viktige naturtypar, mellom anna boreonemoral regnskog. Ut frå det grove oversiktskartet ser det ut til at det blir forsøkt å leggje linja utanom viktige naturtypelokalitetar.

For den marine delen er det viktig med ROV-kartlegging av traséen. Det registrert viktige lokalitetar med større tareskogførekomstar ved begge landfallalternativa for sjøkabelen, noko som òg er omtalt i meldinga.

Luftleidningane vil krevje eit 30 meter breitt ryddebelte, og dette vil utgjere store inngrep, med konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ikkje omtalt nærare i meldinga kva krav som vil bli stilt til hogsten. Vi minner derfor om at trasérydding bør avgrensast til høgare vegetasjon som kan bli eit problem for linja. Dette kan til dømes spare gamle og verdifulle furutre med avslutta lengdevekst, og som kan ha stor verdi for naturmangfaldet.

Vi reknar med at landskapskonsekvensar blir godt visualisert i konsekvensutgreiingane. Avgrensa hogst vil, slik vi har omtalt ovanfor, vil òg vere viktig for å redusere landskapseffekten av linja.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN